



Innkalling av Kommunestyret

Møtedato: 11.05.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 15:00

Orienteringar:

- Presentasjon av Modalen Næringsbygg AS v/styreleiar

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
020/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/2023	Godkjenning av møteprotokoll
022/2023	Referatsaker
023/2023	Orienteringssaker
024/2023	Behov for justeringar av løyvingar i investeringsbudsjettet 2023
025/2023	Tilstandsrapport 2022 - Sørfjorden barnevernsteneste
026/2023	Samarbeidsavtale for IUA region Bergen KOF

4. mai 2023

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/158

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/2023	Kommunestyret	PS	11.05.2023

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	23/158

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
021/2023	Kommunestyret	PS	11.05.2023

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 30.03.2023

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/158

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
022/2023	Kommunestyret	PS	11.05.2023

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
022/2023.1	Referat frå eigarmøte for Invest in Bergen og Etablerersenteret 17.mars 2023

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/158

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/2023	Kommunestyret	PS	11.05.2023

Orienteringssaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
023/2023.1	2. gongs Høyring og offentlig ettersyn - «Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland»
023/2023.2	Orientering om planlagt transporttilbod i ny busskontrakt for Nordfjord, Hardanger-Voss og Modalen-Vaksdal

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FE-151	22/127

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/2023	Kommunestyret	PS	11.05.2023

Behov for justeringar av løyvingar i investeringsbudsjettet 2023

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek orienteringa til vitande og vedtek å gjere følgjande justeringar:

Løyvinga til nytt ventilasjonsanlegg Modalstunet vert auka med kr 1 600 000

Løyvinga til oppgradering av bowling på Bryggjeslottet vert auka med kr 1 520 000.

Løyvinga til oppgradering av kommunale bygg med kr 300 000 vert flytta frå investeringsbudsjettet til småinvesteringar i drift.

Det vert lagt til grunn slike endringar i investeringsbudsjettet:

	Løyving	Endring	Ny løyving
Bowling, Bryggjeslottet	1 300 000	1 520 000	2 820 000
Ventilasjonsanlegg, Modalstunet	800 000	1 600 000	2 400 000
Oppgradering av kommunale bygg	300 000	-300 000	0
Pergola, barnehagen	100 000	-100 000	0
Div investering, vatn og avlaup	400 000	-400 000	0
Uføresette investeringar	200 000	-200 000	0
Uteområde, Mo skule	500 000	-500 000	0
Ladepunkt til el-bil, Modalstunet	160 000	-160 000	0
Sum endringar		1 460 000	
Mva-kompensasjoninntekt	-632 000	-564 000	-1 196 000
Overføring frå drift	-3 628 000	-896 000	-4 524 000
Sum finansiering		-1 460 000	
Netto endring investeringsbudsj.		0	

Det vert lagt til grunn slike endringar i driftsbudsjettet:

Småinvesteringar med endring:	Løyving	Endring	Ny løyving
Grunnundersøkingar	500 000	-500 000	0

Utstyr/møblar Helsesenteret	100 000	-100 000	0
Mo 36 - oppgradering	0	300 000	300 000
		-300 000	
Småinvesteringar totalt	1 370 000	-300 000	1 070 000
Overføring til investering	3 628 000	896 000	4 524 000
Bruk av disp.fond	-7 298 901	-596 000	-7 894 901
Netto endring i driftsbudsjettet		0	

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Nytt ventilasjonsanlegg Modalstunet

Eksisterande aggregat er plassert på kaldloft over bebuarfløy, med isolert kanalnett liggande på loft. Aggregat er av eldre dato og det er uvisst kor effektivt dette er. Aggregat er plassert direkte på bjelkelag, noko som fører til utfordringar mht. støy i enkelte bebuarrom. Det er i dag 3 stk. ulike ventilasjonsaggregat på loftet på Modalstunet. Dette skuldast ulike byggeår for nye fløyer. Anskaffinga er lagt opp til at ventilasjonsentreprenør er totalentreprenør og sørger for å prisa og levera alle naudsynte hjelpearbeider som bygningsmessige og elektrotekniske, i tillegg til egne fag. I hovudtrekk består dette prosjektet av følgjande:

- Bygging av nytt isolert/klimatisert aggregatrom på loft
- Leveranse og installasjon av nytt ventilasjonsaggregat
- Lokal ombygging av kanalnett på loft, samt etablering av aggregatlydfeller
- Etablering av nye tilluft/avtrekksventilar i korridor
- Komplett innregulering
- Opsjonspris på eit aggregat som serverar heile Modalstunet og kjøling.

Oppgraderingen av Bowlingen på Bryggjeslottet

Modalen kommune eig og driv Bryggjeslottet på Mo. Byggjeslottet inneheld eit bowlinganlegg med fire baner som vart installert i 2007. Utstyret og installeringsarbeidet i 2007 vart levert og utført av Bowlingeksperten AS. Anlegget er no utdatert og må skiftast.

Bowlinghallen er for tida stengd i påvente av istandsetjing. Det er opplyst at det finst to leverandørar av bowlingutstyr/anlegg i Noreg, Bowlingeksperten AS og Bowltech AS samt éin i Sverige, Gøteborg. Modalen kommune har vore i kontakt med leverandøren av eksisterande anlegg og motteke eit kostnadsoverslag og opplysningar om kva som må skiftast ut, slik at anlegget kan opnast opp.

For at anlegget kan opnast opp tilrår leverandøren følgjande:

- Nytt scoringssystem (programvare) for 4 baner - eksisterande system er ikkje mogleg å oppgradera.
- 1 stk olje/vaskemaskin til banene
- 4 stk maskiner type String-pin.

Det er opplyst at eksisterande baner, renner, kulereturar og sitjegrupper kan nyttast vidare. Det vil vera påkrevd med mindre bygningstekniske arbeidar for å få maskinene inn og ut av bygget.

Oppgradering av kommunale bygg

Det er løyvd kr 300 000 til Oppgradering av kommunale bygg i 2023. Prosjektet vert flytta frå investeringsbudsjettet til driftsbudsjettet, då prosjektet ikkje vert sett på som ei investering.

Vurdering

Behov for justeringar av løyvingar i investeringsbudsjettet 2023:

Nytt ventilasjonsanlegg Modalstunet

Det er løyvd kr 800 000 til nytt ventilasjonsanlegg på Modalstunet i 2023. Anbudet vart lagt ut på Mercell portalen (innkjøpsvertøy) og det kom inn 6 anbud. Det rimelegaste tilbodet hadde ein samla kostnad på kr 2 406 180. Mva-kompensasjon utgjer kr 481 236. Det er behov for å auka løyving med kr 1 606 180 i investeringsbudsjettet for 2023.

Tilbod pris:	kr 1 497 500	inkl. mva
Tillegg Kjøling:	kr 125 000	inkl. mva
<u>Opsjonsprisar:</u>	<u>kr 564 937</u>	<u>inkl. mva</u>
Totalt:	kr 2 187 437	inkl. mva
<u>Uforutsett:</u>	<u>kr 218 743</u>	<u>(10%)</u>
Budsjett:	kr 2 406 180	inkl. mva

Oppgradering av Bowling på Bryggjeslottet

Det er løyvd kr 1 300 000 til oppgradering av Bowling på Bryggjeslottet i 2023. Anbudet vart lagt ut på Mercell-portalen (innkjøpsverktøy) og det kom berre inn eit tilbod. Samla kostnad er rekna til kr 2 818 455 . Det vert søkt om tippemidlar på kr 700 000 til eit slik prosjekt (dette er undersøkt hos fylkeskommunen og tilskott kan kome i 2024 eller 2025), men desse må fyrst forskotterast av kommunen. Mva kompensasjon utgjer kr 563 691. Det er soleis behov for å auka løyving med kr 1 520 000 i investeringsbudsjettet for 2023.

Tilbod pris:	kr 2 562 231	inkl. mva
<u>Uforutsett (håndverkere):</u>	<u>kr 256 224</u>	<u>(10%)</u>
Budsjett:	kr 2 818 455	inkl. mva

Oppgradering av kommunale bygg

Det er løyvd kr 300 000 til oppgradering av kommunale bygg i 2023. Prosjektet vert flytta frå investeringsbudsjettet til driftsbudsjettet, då arbeidet ikkje vert rekna som ei investering, men som vedlikehald av kommunale bustader som skal førast i driftsrekneskapen. Prosjektet vert tilrådd teke inn i oversikt over småinvesteringar i drift.

Finansiering / økonomi :

For å få justert opp oppgradering av bowlingen på Bryggjeslottet og nytt ventilasjonsanlegg på Modalstunet tilrår rådmannen at investeringsprosjekt 2023, som ikkje er påbegynt, vert sett på vent.

Dette gjeld:

Investeringar

Pergola til barnehagen	100 000	
Diverse investeringar innan vatn og avlaup	400 000	
Uføresette investeringar	200 000	
Uteområde Mo skule	500 000	
Ladepunkt for el – bil ved parkeringsplass Modalstunet	160 000	
Sum investering	1 360 000	

Småinvesteringar

Innkjøp av møblar til Helsesenteret	100 000	
Grunnundersøkingar på Mo	500 000	
Samla sum	1 960 000	

For å få gjennomført prosjekta oppgradering av bowling på Bryggjeslottet og nytt ventilasjonsanlegg på Modalstunet 2023, kan ein sjå for seg ein slik modell:

Samla sett vert det behov for å auka investeringane med	kr 3 120 000
<u>Investeringsprosjekt som kan stå på vent, samt flytting til drift</u>	<u>- kr 1 660 000</u>
Samla auka løyving i investering	kr 1 460 000

Netto kr 1 460 000 finansierast med auka mva-kompensasjon og fond/overføring frå drift.

Konklusjon

Rådmannen tilrår slike justeringar i investeringsbudsjettet 2023:

Løyvinga til nytt ventilasjonsanlegg Modalstunet vert auka med kr 1 600 000

Løyvinga til oppgradering av bowling på Bryggjeslottet vert auka med kr 1 520 000.

Løyvinga til oppgradering av kommunale bygg med kr 300 000 vert flytta frå investeringsbudsjettet til småinvesteringar i drift.

Det vert lagt til grunn slike endringar i investeringsbudsjettet:

	Løyving	Endring	Ny løyving
Bowling, Bryggjeslottet	1 300 000	1 520 000	2 820 000
Ventilasjonsanlegg, Modalstunet	800 000	1 600 000	2 400 000

Oppgradering av kommunale bygg	300 000	-300 000	0
Pergola, barnehagen	100 000	-100 000	0
Div investering, vatn og avlaup	400 000	-400 000	0
Uføresette investeringar	200 000	-200 000	0
Uteområde, Mo skule	500 000	-500 000	0
Ladepunkt til el-bil, Modalstunet	160 000	-160 000	0
Sum endringar		1 460 000	
Mva-komp	-632 000	-564 000	-1 196 000
Overføring frå drift	-3 628 000	-896 000	-4 524 000
Sum finansiering		-1 460 000	
Netto endring investeringsbudsj.		0	

Det vert lagt til grunn slike endringar i driftsbudsjettet:

Småinvesteringar med endring:	Løyving	Endring	Ny løyving
Grunnundersøkingar	500 000	-500 000	0
Utstyr/møblar helsesenteret	100 000	-100 000	0
Mo 36 - oppgradering	0	300 000	300 000
		-300 000	
Småinvesteringar totalt	1 370 000	-300 000	1 070 000
Overføring til investering	3 628 000	896 000	4 524 000
Bruk av disp.fond	-7 298 901	-596 000	-7 894 901
Netto endring i driftsbudsjettet		0	

Dersom me gjennomfører endringane i tråd med dette oppsettet, vil bruken av disposisjonsfond i 2023 auke med kr 596 000 frå kr 7 298 901 til kr 7 894 901. Netto avsetjing til disposisjonsfond vil reduserast frå kr 1 337 495 til kr 741 495. Det vil såleis påverke utviklinga i samla disposisjonsfond negativt, jfr behovet for å auke mot målet som er 10 % av årleg driftsinntekt.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tonje Husum Aarland		23/153

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
019/2023	Formannskapet	PS	02.05.2023
025/2023	Kommunestyret	PS	11.05.2023

Tilstandsrapport 2022 - Sørfjorden barnevernsteneste

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek tilstandsrapport for barnevern 2022 til orientering.

Saksopplysningar:

Det skal utarbeidast tilstandsrapport for barnevernstenesta årleg. Denne skal setje politisk nivå i kommunen inn i korleis barnevernstenesta arbeider og korleis politisk eigar kan bidra til at tenesta kan utvikle seg i tråd med lokale målsettingar.

Bakgrunn

Ved lovendringa som trådde i kraft 01.01.2022 vart det gitt meir ansvar til overordna leiing i kommunen. Dette medfører at rådmann og politisk leiing skal vere meir orientert og oppdatert på kva som skjer i barnevernet og dermed kan ta overordna ansvar for tenesta.

Vurdering

Sjå tilstandsrapport vedlagt saka.

Formannskapet - 019/2023

FOR - behandling:

Administrasjonen orienterte om tilstandsrapport 2022 for Sørfjorden barnevernsteneste.
Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Formannskapet tek tilstandsrapport for barnevern 2022 til orientering.

Vedlegg:

Tilstandsrapport 2022 - Sørfjorden barnevernsteneste

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	TI-&85	23/27

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/2023	Formannskapet	PS	02.05.2023
026/2023	Kommunestyret	PS	11.05.2023

Samarbeidsavtale for IUA region Bergen KOF

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining - Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det føl av § 7 i forskrift 4. januar 2022 nr. 10 om kommunal beredskap mot akutt forureining at alle kommunar skal delta i interkommunalt samarbeid mot akutt forureining. Det interkommunale samarbeidet skal opprettast i henald til lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) kapittel 19 eller lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap (IKS-lova).

IUA Bergen region dekker kommunane Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Eidfjord, Fedje, Gulen, Hyllestad, Kvam, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Solund, Ulvik, Vaksdal, Voss og Øygarden, og blei oppretta som et § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova.

Fristen for omdanning til ei lovleg samarbeidsform(kommunalt oppgåvefelleskap eller interkommunalt selskap) er fire år etter at den nye kommunelova trådde i kraft, noko som betyr innan hausten 2023.

Årsmøtet i IUA Bergen region fatta følgande vedtak 27. april 2021:

1. Årsmøtet vedtar å omdanne IUA Bergen region til et interkommunalt oppgavefelleskap innen 2022.
2. Årsmøtet gir styret fullmakt til å utarbeide en samarbeidsavtale med utgangspunkt i dagens vedtekter.
3. Samarbeidsavtalen skal legges frem for kommunestyrene i samtlige deltakerkommuner for

godkjenning.

Når det vert oppretta eit kommunalt oppgåvefellesskap, skal ein inngå skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i oppgåvefellesskapet. Samarbeidsavtalen skal som eit minimum fastsette:

- a) oppgåvefellesskapets namn
- b) om oppgåvefellesskapet er eige rettssubjekt
- c) Kor mange medlemer den enkelte deltakaren skal ha i representantskapet
- d) Kva oppgåver og myndigheit som er lagt til oppgåvefellesskapet
- e) deltakaranes innskotsplikt og plikt til å yte andre bidrag til oppgåvefellesskapet
- f) den enkelte deltakarens eigarandel i oppgåvefellesskapet og ansvarsdel for fellesskapets forpliktingar dersom ansvarsandelen avvik frå eigarandelen
- g) om oppgåvefellesskapet skal ha myndigheit til å ta opp lån
- h) kva oppgåvefellesskapet skal rapportere til deltakarane om
- i) korleis deltakarane kan tre ut av oppgåvefellesskapet
- j) korleis oppgåvefellesskapet skal oppløysast, blant annet kven som skal ha ansvaret for at oppgåvefellesskapets arkiv blir oppbevart etter at oppgåvefellesskapet er oppløyst.

Vedlagt følg samarbeidsavtale for IUA Bergen region KOF. Under utarbeidinga av samarbeidsavtalen har sekretariatet henta inn erfaringar frå andre av landets IUA og ein del øvrige samarbeidsorgan som er under omdanning til kommunale oppgåvefellesskap. Ein har og rådført seg med KS Advokatene og Kystverket, blant anna for å sikre at samarbeidsavtalen tar tilstrekkeleg omsyn til forskjellen i størrelse på deltakarkommunane.

Styret i IUA Bergen region behandla forslaget til samarbeidsavtale i møte 10. mars d.å., og fatta følgande einstemmige vedtak:

«Styret godkjenner samarbeidsavtalen for IUA Bergen region KOF, og ber sekretariatet sende denne til alle deltakarkommunene for godkjenning i kommunestyrene. «

Samarbeidsavtalen trer ikkje i kraft før den er godkjent av kommunestyra i alle deltakarkommunane. Kommunane er bedt om å prioritere saka slik at kommunestyra kan fatte vedtak før sommaren 2023.

Vurdering

Omdanninga av IUA Bergen region, frå et § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova til eit kommunalt oppgåvefellesskap etter den nye kommunelova, forventast ikkje å få økonomiske konsekvensar for deltakarkommunane.

Konklusjon

Alle kommunar er etter lova pålagt å delta i interkommunalt samarbeid mot akutt forureining. Ny kommunelov i 2018 krev endring i høve ny lovleg samarbeidsform frå § 27 samarbeid til kommunalt oppgåvefellesskap.

Formannskapet - 020/2023

FOR - behandling:

Ordfører og rådmann orienterte kort om bakgrunn for saka.
Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Modalen kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining - Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap

Vedlegg:

IUA Bergen region KOF - Samarbeidsavtale .PDF